



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Januar 1977

31. årg.

Guds menighet er jordens største under

*Guds menighet er jordens største under!
Mens verdens skikkeler i hast forgår,
er Kristus i all evighet den samme,
og fast hans rike på sin klippe står.
Men verdens riker stiger og de synker,
går kirken mot fullkommenhetens vår.*

*Så kommer dagen da alt hat skal smelte
som sne og is for sol og sommervær.
Da faller Satans makt, da skal hans veld
gi tapt for frelsens stridsmenn, for Guds hær.
Med jubel skal de høste hva de sådde
og salige få se ham som han er.*

*Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte
fra ham som aldri skifter sinn og art!
Er natten lang, er kampen full av kvaler
som morgenstjernen lyser løftet klart.
Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,
men kjemp frimodig, — se jeg kommer snart!*

Ronald Fangen,
Frå Salmer 73.

Til borna.

Kven er störst?

Ein dag byrja disiplane til Jesus å krangle om kven som var störst i himmelriket.

Kan hende Peter seier: «Eg er nok den störste, for eg har fått lov å gå på sjøen».

Kan hende Levi seier: «Eg er no den störste, for eg gjekk frå ein god jobb for å fylgja Jesus.»

Kan hende Judas seier: «Eg er nok den störste, for eg har fått alle pengane å taka vare på.»

Dei vart ikkje samde. Men så fekk ein av dei ein god idé. «La oss gå til Jesus å spryrja han».

Då dei kom til Jesus spurde dei han: «Kven er den störste i himmelriket?»

Jesus såg lenge på kvar av dei.

Peter tenkte nok: «Jesus vil nok seia at eg er störst sidan eg fekk gå på sjøen.»

Levi tenkte nok: «Jesus vil nok seia at eg er störst sidan eg gjekk frå den gode jobben min.»

Judas tenkte nok: «Jesus vil nok seia at eg er störst sidan eg har fått alle pengane.»

Ja, slik tenkte dei alle saman. Men kva gjer Jesus? Han gjer noko ingen av dei hadde venta. Han ropar på eit lite barn som sto i nærleiken og sette det midt mellom seg og disiplane, og seier: «Utan at de vender om og vert som born, kjem de ikkje inn i himmelriket. Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den störste i himmelriket.»

Etter dette vart sikkert Peter, Levi og Judas fulle av skam. Dei meinte det var så viktig å vera stor i seg sjøl-

ve. Men slik er det ikkje i himmelriket. Fyrst når me er små i oss sjølve får Jesus verda stor for oss.

Magne Steinnes.

Frå orgelkrakken

Stor engelsk orgelspiller til Dale.

Orgelringen er en ny organisasjon. Den har til formål å koordinere konsertvirksomheten på orgelfronten. Ved et mer planmessig opplegg, kan flere få anledning til å høre god orgelmusikk. Dessuten, når flere er sammen om ansvaret, kan også de store innen orgelkunsten engasjeres til å spille på mindre steder.

Orgelringens gjest denne gangen, er den engelske professoren Nicholas Danby. Kanskje et nytt navn for det norske orgelpublikum, men Danby er kort sagt en gigantisk orgelspiller av Europeisk størrelse, som vi får gleden av å høre i Dale kyrkje Torsdag 10. februar 1977.

Planar for våren 1977:

Ellers vil jeg nevne av planene for den kirkemusikalske aktivitet fremover: Konserter hver eneste måned i Dale Kyrkje, frem til og med juni. Detaljer og program vil vi komme tilbake til. Hvis dette skal kunne bli en permanent ordning, trenger vi støtte fra alle musikkinteresserte rundt i kommunen, og det vi håper på er at der vil komme folk og lytte til denne musikk som tilreisende og lokale musikkrefter vil fremføre i tiden som kommer.

L. R.

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam

Medarbeidrarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Kjære unge heimar – og eldre med

I året 1976 vart det skipa omlag 30 nye heimar i Vaksdal prestegjeld. Heimane er grunnsteinane som heile folket kviler på. Er heimane støe og gode, so står folket fast på sikker grunn. Om eit folk skal veksa og gå fram, eller visna bort og gå til grunne, dette er i stor utstrekning bunde sammen med tilstanden i heimane.

Mykje er sagt og skrive om kva ein heim er. Her er eit par døme:

«Ein heim, kva er det? — Det er eit tak som held regnet ute, fire veger som held vinden ute, og eit golv som stengjer kulden ute.» Men er dette alt? Nei, ein heim er vel mykje meir enn det!

Her er eit anna sitat: «Ein heim, det er der barna ler og frydar seg, det er der mor syng og far er sterk og hjelksam. Det er der varmen kjem frå hjarto som elskar kvarandre, og ljuset er gjenskin frå glade augo, det er der venskap, lojalitet og samkjensle rår grunnen. — Heimen er den første skulestova og den første kyrkja for barn som veks opp der. Her lærer dei kva

som er rett og godt og fint. Heimen er der ein finn trøyst i vonbrot og sjukdom. Heimen det er der gleda vert fordobra og sorga vert halvert, det er der mor og far respekterar og elskar kvarandre, det er der barna er velkomne, og enkel mat er god nok for kongar, fordi den er skaffa til veges ved trufast arbeid.»

Kjære unge heimar. Tru aldri at ein god heim er noko sjølvsagt, noko som lagar seg sjølv. — Ein blomepark kan vera vidunderleg vakker når ein kjem gåande gjenom han ein fin solskinssøndag. Men tru aldri at alt dette vakre har laga seg sjølv, bare tilfeldig. DER LIGG BÅDE FORNUFTIG PLANLEGGING OG A RBEID BAK. Ugraset ville so lett veksa og gro over både gangar og blomsterbed. Ugraset må haldast borte etter kvart som det kjem. Ville og verdlause ugrasvokstrar må ikkje få ro på seg til å kvele alt det vakre.

Når eit hus skal byggjast, søker ein sjølvsagt råd og hjelp hjå ein arkitekt eller fagmann. Likeein er det når eit hus skal restaurerast eller

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co
Tlf. 2193 — Dalekvam

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

byggjast om. Desse liner går med ei personleg helsing til alle nye heimar.

— Søk kyndig hjelp når det gjeld dette viktige — å gjera huset de er flytta inn i, til ein verkeleg heim. Og skulle desse liner nå fram til nokon som gjerne må sanna at, jau, me har eit hus, men ikkje ein heim, so lat det koma med ei oppmoding om å søkja kyndig hjelp til å få restaurert heimen, eller kan henda heilt byggja han om. Med Guds og den Herre Jesu hjelp, kan dette skje!

*«Vil Gud ikkje vera bygningsmann,
me fæfengt på huset byggja,
Vil Gud ikkje verja by og land,
kan vaktmann oss ikkje tryggja.
Så vakta oss Gu so me kan bu
I HEIMEN MED FRED OG HYGGJA!»*

Lars Bjørsvik.

Litt statistikk frå 1976

| | |
|--------------------------|-----------|
| Gudstenester, ordinære | 130, |
| ekstraordinære | 29, i alt |
| Vitjingar hjå sjuke | 506 |
| Andre husvitjingar | 170 |
| Andakter | |
| på Gamle- og Sjukeheimen | 101 |
| Fødde | 56 |
| Konfirmerte | 79 |
| Avlidne | 63 |

Ofringar og kollektar i kyrkjene:

| | |
|------------|--------------|
| Dale | Kr. 16.067,— |
| Vaksdal | » 23.091,— |
| Stamnes | » 14.985,— |
| Bergsdalen | » 1.068,— |
| Eidslandet | » 3.262,— |
| Flatekval | » 2.429,— |
| Nesheim | » 3.758,— |
| Til saman | Kr. 64.660,— |

Modalen saman med Vaksdal prestegjeld?

Etter at tunellen mellom Eksingedalen og Modalen vart opna, og der er mindre båtruter langs sjøvegen til Mo, er den naturlege vegutløysing for Mo blitt med buss over Stamnes og Dale. Presten som bur på Ostereidet, må ofte reise med bil gjennom Knarvik, Arna og Vaksdal når han skal til Mo. Spørsmålet er difor reist om det ikkje er meir naturleg at Mo går saman med Vaksdal prestegjeld. Når ein kjører gjennom Eksingedalen, er det berre ein avstikkar gjennom tunnelen for å koma til Modalen.

Frå bispekontoret er det sendt ut skriv til sokneråda i Vaksdal og Østerfjorden prestegjeld, og til kommunestyret. Ein vert beden om å uttale seg om dette spørsmålet.

Frå gamal tid har det vore mykje samband mellom Modalen og Eksingedalen. Før det vart vegsamband gjennom heile Eksingedalen til Eidslandet, kom eksingedølene til sjøs på Mo, og dei hadde sine naust og buer der. Då vegen kom, flytte dei nausta sine frå Mo til Eidslandet.

Der er gamal busetnad i Modalen. Eit stykke oppe i dalen, er det ein stad dei kallar Krossen. Det er truleg at det var offerstad der før kristendomen kom til landet. Når so dalen vart kristna, vart det sett opp ein

A. L. VATLE
DALE
 Kjøtt, pølser og påleggsvarer
 Frukt og grønnsaker

kross, og folket samlast der til gudssteneste.

Den første kyrkja på Mo, vart bygd alt tidleg i millomalderen. Mo var då eige sokn, og hadde eigen prest. Me veit at presten på Mo var med på prestemøte på Voss på 1300 talet.

Då svartedauden herja i dalen (1349—50), vart mykje folk rive bort, og det er truleg at den gamle kyrkja etter kvart rotna ned.

Noko før år 1600 vart det so bygd ny kyrkja på Mo. Mo sokn vart då saman med Hosanger lagt til Hamre prestegjeld. Dette var kyrkja nr. 2 i Modalen.

Denne kyrkja gjorde teneste fram til 13. juli 1883, då den noverande kyrkja vart vigsla av biskop Hvosleff. Her kan nemnast at dagen etter kyrkja var vigsla på Mo, drog bisp og fylgje over fjellet til Eksingedalen, og vigsla den noverande kyrkja på Flatekval. (Det var kyrkje nummer 2 på Flatekval).

Kyrkja på Mo er under nyoppussing no, og medan dette går på, har me to gonger hatt den gleda at kyrkjebussen frå Modalen er kome over til oss. Den 5. desember kom Modalsbussen til Eidslandet. Andre juledag var kyrkje på Flatekval fyllt til trengsel då kyrkjebuss og privatbilar kom frå Modalen. Dette var eit friskt innslag for oss. Då klokkaen, Åsvald Lavik, helsa folket frå Modalen, nemnde han at frå gamal tid var det mykje samband mellom desse to dalane. Han nemnde også at me bør prøva å gjera ein gjenvisitt til Modalen ein kyrkjesøndag til våren. —

Det var ein god tanke, lat oss prøva det.

L. Bj.

Salmar 73

Salmer 73 har nå en tid vært nyttet i menigheter rundt om i vårt land, og blitt et kjærkommet og etterlengtet tillegg til våre ellers godkjente salmebøker, Landstad og Nynorsk Salmebok. Også i Vaksdal Kommune, har vi fått bøker til samtlige kirker, og vi vil håpe at salmeheftet vil bli brukt flittig rundt om i våre menigheter.

Først må en streke under at heftet er et prøvehefte. Som kjent er ny kirkesalmebok underveis, så vi kan si at heftet har tenkt å fylle et behov i overgangstiden til den nye kirkesalmeboken kan legges fram.

For tiden er det en utvikling innenfor kirkesangen som man vel aldri har opplevet makin til, og det er derfor viktig å få klarlagt: Hvilket salmestoff kan på meningsfylt måte gli inn i høymessesammenheng, ulike typer hverdagsgudstjenester, familiegudstjenester, ungdomsgudstjenester, møter o.s.v.

Heftet inneholder 134 salmer/sanger fordelt på så vel eldre som yngre stoff, og vil vel på en måte ta bort ensidigheter i våre gamle salmebøker. Særlig må en nevne lovsången som har fått bred plass, noe som man har savnet i våre eldre salmebøker.

Foruten om våre to egne språk er også enkelte tekster fra svensk og dansk tatt med. I en tidsalder med stadig økende samvær mellom landene, vil det være naturlig for oss i første omgang å se hvorledes våre nærmeste nabospråk kan virke i norsk gudstjenestesammenheng.

Internasjonalt kjente salmer blir i heftet lansert med sine opprinnelige melodier, men der det har vært nød-

vendig å finne nye melodier på grunn av teksten, har man tydd til eksisterende melodier, som har passet med antall versemålslinjer (særlig på 15-1600 tallet). Mange tekster var allerede knyttet til mer eller mindre brukbare melodier, og norske komponister fikk en utfordring som har gitt brukbare resultater.

Noen salmer i heftet bærer både visepreget tekst og melodi og Liturgikommisjonen understreker at denne del av Salmer 73 ikke blir brukt i gudstjenestesammenheng.

Ellers vil jeg legge til at jeg håper at alle skolene i kommunen får sine klassesett med Koralbok og at man kan plukke ut et visst antall salmer til bruk i skolene våre.

Vi ønsker å øve på salmene i gitte anledninger, og hvis noen av menighetene trenger hjelp til dette, vil vi så langt det er mulig komme og hjelpe til med innøvingen.

Lars Ragnvaldsen.

Den brennende tornebusk

Den brennende tornebusk er biletet på Guds ord hvor Abrahams, Isak, og Jakobs Gud taler til oss. Om denne var det sagt av en kjent forkynner, at den brenner uten å bli til aske. Den renser personligheten uten å viske den ut. Den sistnevnte sannhet grep jeg med glede. Det er så frigjørende å få være seg selv, slippe anstrengelsen med å være noe annet, noe bedre selvsagt. —

Jeg gikk lenge med urettferdige tanker om Jesus. Jeg syntes han gjorde forskjell på folk. Det var særlig røveren på korset, og den rike yngling jeg sammenlignet, to motsetninger

både når det galdt miljø, og livsmønster. Når røveren ber en høyst ufullkommen bønn, er det som Jesus slår himmeldøren på vid vegg. Velkommen skal du være, du førstegrøde av mitt frelsesverk. Men når den flekkfrie ungdom kommer med sitt spørsmål, blir han nesten avvist. Dette så jeg lenge som urettferdig, inntil jeg forstod, at det jeg regnet som urett, var visdom. Jesus kunne ikke sette krav til ham som hang hjelpelös foran dødens port. Det var bare å berge det som berges kunne. Men for tenåringen løftet han fullkommenhetens ideal, noe å prøve seg på i livets vår.

Jesus sa en gang at han visste hva som bodde i mennesket. — Ingen skulle kunne fortelle ham skuffende opplysninger, slik vi mennesker kan oppleve hverandre ved nærmere kjennskap. Herre, du vet alt! sa Peter en gang han var på bar bunn, en sannhet som er både ransakende og betryggende, ettersom vårt hjerteforhold til Freiseren er.

Jesus er guddommelig pedagog.

Frå kyrkjebökene

DØYPT:

DALE:

Ivar Dale, fødd 15. sept. 1976, døypt 5. desember.

Eva Kristine Myrlid, fødd 26. september 1976, døypt 5. desember.

Marianne Søvik, fødd 22. oktober 1976, døypt 19. desember.

Lene Bekkenes, fødd 2. november 1976, døypt 19. desember.

Anita Korsrud, fødd 4. oktober 1976, døypt 25. desember.

STAMNES:

Sven Tore Johnsen, fødd 23. oktober

KALLA PÅ MEG DEN DAG DU
ER I NAUD,
SO VIL EG FRIA DEG UT,
OG DU SKAL PRISA MEG.

Salme 50:15.

1976, døypt 15. november på Haukeland sjukehus.

Dan Hagen, fødd 22. november 1976, døypt 26. desember.

AVLIDNE:

DALE:

Ole Hilmar Thaule, fødd 29. juni 1902, døydd 10. des. 1976, gravlagd 18. des.

Leif Knutsen, fødd 21. des. 1899, døydd 26. des. 1976, gravlagd 30. des.

VAKSDAL:

Alfred Martin Herfindal, fødd 29. april 1900, døydd 7. des. 1976, gravlagd 11. des.

Bernhard Kristoffer Knutsen, fødd 13. okt. 1896, døydd 8. des. 1976, gravlagd 15. des.

Anton Sæterdal, fødd 5. jan. 1912, døydd 31. des. 1976, gravlagd 6. jan. 1977.

STAMNES:

Nils Øye, fødd 14. april 1892, døydd 9. des. 1976, gravlagd 17. des.

Velkommen til Kyrkja

Søndag Septuagesima, 6. februar:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til N.M.S. Eidslandet Kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Palmesøndag, 3. april:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Søndagskulen og Y.A.

Søndag Seksagesima, 13. februar:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Soknepr. Bjørsvik. Offer til Israelsmisj.

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Kveldsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Ungdomsgudsteneste. Res. kap. Steinnes. Offer til Fagerturn.

Fastlags søndag, 20. februar:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Offer til Bispedømerådet. Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Fagertun.

1. søndag i Fasta, 27. februar:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen.

2. søndag i Fasta, 6. mars:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste.

3. søndag i Fasta, 13. mars:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Bispedømerådet.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Midfastesøndag, 20. mars:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Norsk Lutherisk Misjonssamb.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Kyrkjesalen.

Marimesse, 27. mars:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til N.M.S.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Palmesøndag, 3. april:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Søndagskulen og Y.A.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Bergens søndagskulekrets.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag, Onsdag og Fredag ... 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag fra kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

Dale Handelsforening
Dalekvam

TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING

Dalekvam

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

V A K S D A L

Telefon ; Kontor 3812 Snarkjøp 3710,

Kjøp i Dykkar eigen forretning

5270 VAKSDAL
Res. kapt. Magne Olav Steinnes